

Sak 5

Handlingsplan

Handlingsplan 2026 for Bondeungdomslaget i Oslo



Handlingsplanen bygger på langtidsplanen for 2024–2028.

SYNLEGGJERING

- Vi skal ha på plass ei profilhandbok med logo og retningslinjer for visuell profil. Profilhandboka skal brukast aktivt på alle nivå i organisasjonen.
- Vi skal ha på plass ei ny nettside i løpet av året.
- Vi skal lage brosjyrar som kan ligge i foajeen og delast ut under arrangement som t.d. Brusteinsballet.
- Vi skal arrangere minst eitt opent kulturarrangement.
- Vi skal søkje samarbeid med nærskyldte organisasjonar for å skape nettverk og profilere oss sjølve. Eitt konkret tiltak er at kontoret skal ha ei samling med dei tilsette i NU ein til to gonger i året.

ORGANISASJONSTILTAK

- Vi skal ønskje alle nye medlemmer velkommen med ei digital velkomstpakke med info om laget.
- Vi skal sende ut nyheitsbrev og annan informasjon om laget til medlemmane, med invitasjon til arrangement og andre aktivitetar.
- Vi skal utarbeide program for tillitsvaldsdag med mål om gjennomføring etter årsmøte 2027.
- Alle særлага skal få besøk av ein styremedlem/tilsett frå kontoret under ei øving kvar vår og haust. Føremålet er å fortelje om BUL og ønskje nye medlemmar velkommen.
- Vi skal ha minst eitt felles arrangement for medlemmar, på tvers av særлага.
- Vi skal arrangere kurs om medlemmane ønskjer det.

EIGEDOMMAR

- Vi skal gjennomføre tilstandsvurdering av begge hyttene og vurdere vidare eigarskap.
- Vi skal fullføre oppussinga av foajeen med møblering og utsmykking.
- Vi skal kjøpe nye stolar til Teatersalen og Lagsrommet.
- Vi skal arbeide for å auke utleige i lagslokala på dagtid i vekene, gjennom annonsering og oppsøkande verksemd.